

 Programmet tar ikke opp nye studenter

Studieplan for Norsk 2 for grunnskolelærerutdanning 1-7 (30 studiepoeng) (2013–2014)

Fakta om programmet

Studiepoeng: 30

Studiets varighet: 1 år

Undervisningsspråk: Norsk

Studiested: Halden

Kontakt

Studieprogramansvarlig

Avdeling for lærerutdanning

Innholdsfortegnelse

- Informasjon om studiet
- Hva lærer du?
- Opptak
- Oppbygging og gjennomføring
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

Informasjon om studiet

Studiet er en påbygging til det obligatoriske Norsk 1 (30 studiepoeng) i *Grunnskolelærerutdanningen 1-7 (240 studiepoeng)*.

Hva lærer du?

Studiets læringsutbytte

Kunnskap:

Studenten

har inngående kjennskap til teoriar om lesing og skriving, særleg knytt til den andre lese- og skriveopplæringa

har kunnskap om kva for funksjonar lesing og skriving har hatt og har i kulturen vår og om kva som kjenneteiknar språkleg kommunikasjon i ulike medium

har kunnskap om språklege endringsprosessar, i fortid og samtid, om normeringsspørsmål i moderne norsk og om sentrale kjenneteikn ved norske dialektar

har utvida kunnskap om munnlege og skriftlege sjangrar og innsikt i korleis elevar frå 1. til 7. trinn utviklar kunnskap om desse og kan nytte dei i eige tekstarbeid

har litteraturhistorisk og litteraturteoretisk oversikt, kunnskap om sentrale verk i nordisk med særlig vekt på norsk fiksjonslitteratur og sakprosa og kjennskap til teoriar om samansette tekstar

har kunnskap om kva som skjer når ein tekst vert overført frå eit medium til eit anna (adaptasjon)

Ferdigheiter:

Studenten

kan organisere og drive tilpassa lese- og skriveopplæring for 1. til 7. trinn etter fagleg grunngitte prinsipp, også for elevar med norsk som andrespråk

kan bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen

kan bruke kunnskap om talemål- og skriftspråknormering i skriveopplæringa

kan vurdere og reflektere omkring ulike slags prøver i lesing og skriving og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane

kan leggje til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane

kan rettleie i arbeidet med tekstar slik at elevane kan utvikle seg sjølve, skaffe seg kunnskap og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom og samfunnet som eit heile

kan samanlikne tekstar skrivne for barn med omsyn til innhald, form og funksjon

kan setje sentrale norske tekstar inn i ein historisk samanheng, tolke dei og sjå dei i lys av nordisk og annan internasjonal litteratur

kan lese, analysere, tolke og vurdere samansette tekstar og setje dei inn i ein større kulturell og offentleg samanheng

Generell kompetanse:

Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunnngj vurderingane
- har innsikt i norskfaget ut frå forskning og i høve til fagets historie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå eit historisk perspektiv på faget
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring
- utviklar identiteten sin som norsklærer

Opptak

Bestått obligatorisk Norsk 1 (30 studiepoeng) i Grunnskolelærerutdanningen 1-7 eller tilsvarende.

Oppbygging og gjennomføring

Studiets oppbygging og innhald

Norsk 2 består av emnene

- Norsk 103 Den andre lese- og skriveopplæringa. Skriftleg og munnleg norsk etter 1800 (1-7)
- Norsk 104 Voksenlitteratur og samansette tekstar (1-7)

Se modell under.

Norsk 103 tar for seg desse hovедtema:

- Den andre lese- og skriveopplæringa
- Lesing og skiving i historisk perspektiv, faghistorie
- Språkhistorie, språknormering og talemålsvariasjon

Norsk 104 er konsentrert om desse fagområda:

- Litteratur og litteraturredaktikk for barnetrinnet
- Generell litteraturforståing og utvalde verk frå vår nordiske litterære kanon
- Samansette tekster
- Tekst og sjanger i ulike medier

Organisering og læringsformer

Studentane skal møte varierte arbeidsformer. Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i basisgrupper og individuelt arbeid. I lærerutdanninga spelar dessutan praksisperiodene ei viktig rolle, og samarbeid med praksisskolane opnar for verdifull fagleg og didaktisk refleksjon knytt til både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse i norskfaget. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal også gå inn som ein sentral del av norskstudiet. IKT blir brukt som eit reiskap for læring, rettleiing, samarbeid og dokumentasjon. Norskfaget samarbeider dessutan med høgskolebiblioteket om emne som litteratursøk, referanseteknikk og akademisk skiving.

Praksis

Praksis inngår i studiet og er nærmere beskrevet i studieplan for Grunnskolelærerutdanning 1-7, generell del, og i Plan for praksis (1-7).

Forsknings- og utviklingsarbeid

Studentane skal gjennomføre eit forsknings- og utviklingsarbeid som er relevant for 1.-7. trinn knytt til ein semesteroppgåve. Sjå meir informasjon om FoU for grunnskolelærarstudentar i studieplan for Grunnskolelærerutdanning 1-7, generell del.

Internasjonalisering

Sjå studieplan for Grunnskolelærerutdanning 1-7, generell del.

Evaluering av studiet

For å kunne tilby ein aktuell og relevant utdanning av god kvalitet er vi avhengig av studentanes tilbakemeldinger og at man deltar i evaluering av studiane. Dette studieprogrammet blir jevnleg evaluert for å sikre og utvikle kvaliteten i programmet:

- HiØs utvalg for utdanningskvalitet gjennomfører årleg ein evaluering av studiekvaliteten ved eit utval av høgskolen sine studieprogram (kalt EVA2)
- Utdanningas trinnvise studentevaluering kvart semester (EVA3)
- Det enkelte fagmiljø har ansvar for å etablere faste og allmenn kjende evalueringsrutinar på emnenivå (kalt EVA3).

Tilbakemelding underveis

Studentene får tilbakemelding på arbeidskrav underveis i studiet. Arbeidskrav må være godkjent før studenten kan framstille seg til eksamen.

Vurdering

Studiet har varierte vurderingsformar, sjå emnebeskrivingar.

Det gis karakterar etter gradert karakterskala A - F, der A er beste og E dårlegste beståttkarakter. F er ikkje bestått.

Studieplanen er godkjent og revidert

Studieplanen er godkjent

Dekan Eystein Arntzen, 5. juni 2012

Studieplanen er revidert

Studieleder Kjersti Berggarf Jacobsen, 20.4.13

Studieplanen gjelder for

Studieåret 2013-2014

Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2013

Norsk 2 (1-7), Obligatoriske emner

LBNOR10412

Vakselitteratur og samansette tekstar (1-7)

15 stp

Vår 2014

Norsk 2 (1-7), Obligatoriske emner

LBNOR10312

Den andre lese- og skriveopplæringa. Skriftleg og munnleg norsk etter 1800 (1-7)

15 stp

LBNOR10412 Vaksenlitteratur og samansette tekstar (1-7) (Høst 2013)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Stuedsted: Remmen, Halden

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i valfaget *Norsk2 for grunnskolelærerutdanning 1-7* (240 studiepoeng).

Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Bestått emne Norsk 101 (15 stp) og Norsk 102 (15 stp) eller tilsvarende.

Undervisningssemester

?Emnet blir undervist i haustsemesteret 3. studieår.

Studentens læringsutbytte etter bestått emne

Kunnskap:

Studenten

- har utvida kunnskap om munnlege og skriftlege sjangrar og innsikt i korleis elevvar frå 1. til 7. trinn utviklar kunnskap om desse og kan nytte dei i eige tekstarbeid
- har litteraturhistorisk og litteraturteoretisk oversikt, kunnskap om sentrale verk i nordisk med særlig vekt på norsk fiksjonslitteratur og sakprosa og kjennskap til teoriar om samansette tekstar
- har kunnskap om kva som skjer når ein tekst vert overført frå eit medium til eit anna (adaptasjon)

Ferdigheiter:

Studenten

- kan rettleie i arbeidet med tekstar slik at elevane kan utvikle seg sjølve, skaffe seg kunnskap og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom og samfunnet som eit heile
- kan samanlikne tekstar skrivne for barn med omsyn til innhald, form og funksjon
- kan setje sentrale norske tekstar inn i ein historisk samanheng, tolke dei og sjå dei i lys av nordisk og annan internasjonal litteratur
- kan lese, analysere, tolke og vurdere samansette tekstar og setje dei inn i ein større kulturell og offentleg samanheng

Generell kompetanse:

Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunngi vurderingane
- har innsikt i norskfaget ut frå forskning og i høve til fagets historie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå eit historisk perspektiv på faget
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevvar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring
- utviklar identiteten sin som norsklærer

Innhold

Norsk 104 er konsentrert om desse fagområda:

- Litteratur og litteraturdidaktikk for barnetrinnet
- Generell litteraturforståing og utvalde verk frå vår nordiske litterære kanon
- Samansette tekster
- Tekst og sjanger i ulike medier

Det vil bli arbeid både teoretisk og skoleretta med alle fagområda, i samsvar med måla for læringsutbyte. Det fleispråklege og fleirkulturelle perspektivet vil det bli lagt særskilt vekt på i arbeidet med alle fagområda. Det vil også bli lagt vekt på at studentane skal utvikle eigen kompetanse i både skriftlege og munnlege sjangrar.

Undervisnings- og læringsformer

Studentane skal møte varierte arbeidsformer. Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i basisgrupper og individuelt arbeid. I lærerutdanninga spelar dessutan praksisperiodene ei viktig rolle, og samarbeid med praksisskolane opnar for verdifull fagleg og didaktisk refleksjon knytt til både kunnskapsmål, ferdigheitsmål og generell kompetanse i norskfaget. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal også gå inn som ein sentral del av norskstudiet. IKT blir brukt som eit reiskap for læring, rettleiing, samarbeid og dokumentasjon. Norskfaget samarbeider dessutan med høgskolebiblioteket om emne som litteratursøk, referanseteknikk og akademisk skriving.

Arbeidsomfang

Forventet studieinnsats i emnet er beregnet til minst 20 timer pr uke inkludert undervisning.

Praksis

Studentane har to veker praksis. Sjå praksisplanen for studiet. Erfaringar frå praksis vil bli brukt i arbeidet med norskfaget.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

Studentane får i løpet av semesteret to arbeidskrav. Eit av desse er skriftleg og knytt til tema som det blir arbeidd med, og det andre er ei obligatorisk rettleiing i tilknytning til arbeidet med semesteroppgåva. For å få framstille seg til eksamen må studentane få godkjent arbeidskrava av faglærer innan fastsette frister.

Meir detaljert beskriving av arbeidskrava vil bli gitt ved undervisningsstart.

Eksamen

Emnet har to deleksamenar:

Deleksamen 1: Ei semesteroppgåve av fagartikkeltypen med eit kritisk, reflekterande og analytisk innhald. Det er knytt ei obligatorisk rettleiing hos faglærer til denne oppgåva.

Deleksamen 2: Ein skoleeksamen på fire timar, der studenten blir prøvd i kunnskapsstoff frå pensumet.

Tillatte hjelpemidler: ordbok/ordliste, både bokmål og nynorsk samt Kunnskapsløftet generell del og læreplanen for norsk.

Målforma på dei to deleksamenane er valfrie, men ein må vere på nynorsk og ein på bokmål. Ved vurdering tel dei to deleksamenane likt, og begge må vere bestått for å få karakter i emnet.

Det blir nytta bokstavkarakterane A - F.

Vurderinga blir gjort av ein ekstern og ein intern sensor.

Ved ikkje bestått på ein av deleksamenane, kan kun den deleksamenen som ikkje er bestått tas på nytt.

Evaluering av emnet

Studentane får tilbod om evaluering av emnet i løpet av semesteret (EVA3). Emneansvarleg har ansvar for gjennomføring og oppfølging av emneevalueringa.

Litteratur

Med forbehold om endringer før studiestart.

Skjønnlitteratur:

Islendingesaga: *Soga om Gisle Sursson*

Ludvig Holberg: *Erasmus Montanus*

Henrik Ibsen: *Peer Gynt*

Knut Hamsun: *Sult*

Tarjei Vesaas: *Isslottet*

Dag Solstad: *Genanse og verdighet*

Mikael Niemi: *Populärmusik från Vittula*

I tillegg kjem kompendium frå seksjonen med dikt og noveller. Desse vil vere tilgjengelege før semesteret startar.

Barne- og ungdomslitteratur:

Torbjørn Egner: *Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen*

Astrid Lindgren: *Pippi*

Oscar K.: *Cervantes Don Quijote eller Shakespeares Hamlet*

Johan Harstad: *Darlah - 172 timer på månen*

Teori:

Anne- Kari Skardhamar: *Kunsten å lese skjønnlitteratur*, Universitetsforlaget 2007

Per Thomas Andersen: *Norsk litteraturhistorie*, Universitetsforlaget (utdrag)

Liestøl/Fagerjord/Hannemyr: *Sammensatte tekster: arbeid med digital kompetanse i skolen*. Kap. 2, 3 og 6, 8 Cappelen Akademisk Forlag 2009

Elise Seip Tønnessen (red.): *Sammensatte tekster. Barns tekstpraksis*. Kap 1, 5, 7, 10, 11, Universitetsforlaget 2010

Smidt, Jon: «Norskfagets dimensjoner». I: *Norskdidaktikk. Ei grunnbok*, Universitetsforlaget 2009

LBNOR10312 Den andre lese- og skriveopplæringa. Skriftleg og munnleg norsk etter 1800 (1-7) (Vår 2014)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Studiested: Remmen

Emneansvarlig: Marion Elisenberg

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i valgfaget *Norsk2 for grunnskolelærerutdanning 1-7* (240 studiepoeng).

Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Bestått emne Norsk 101 (15 stp) og Norsk 102 (15 stp) eller tilsvarende.

Undervisningssemester

Emnet blir undervist i vårsemesteret 3. studieår.

Studentens læringsutbytte etter bestått emne

Kunnskap:

Studenten

- har inngående kjennskap til teoriar om lesing og skriving, særleg knytt til den andre lese- og skriveopplæringa
- har kunnskap om kva for funksjonar lesing og skriving har hatt og har i kulturen vår og om kva som kjenneteiknar språkleg kommunikasjon i ulike medium
- har kunnskap om språklege endringsprosessar, i fortid og samtid, om normeringsspørsmål i moderne norsk og om sentrale kjenneteikn ved norske dialektar

Ferdigheiter:

Studenten

- kan organisere og drive tilpassa lese- og skriveopplæring for 1. til 7. trinn etter fagleg grunngitte prinsipp, også for elevar med norsk som andrespråk
- kan bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen
- kan bruke kunnskap om talemål- og skriftspråknormering i skriveopplæringa
- kan vurdere og reflektere omkring ulike slags prøver i lesing og skriving og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane
- kan leggje til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane

Generell kompetanse:

Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunngi vurderingane
- har innsikt i norskfaget ut frå forskning og i høve til fagets historie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå eit historisk perspektiv på faget
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring

Innhold

Norsk 103 tar for seg desse hovedtema:

- Den andre lese- og skriveopplæringa
- Lesing og skriving i historisk perspektiv, faghistorie
- Språkhistorie, språknormering og talemålsvariasjon

Undervisnings- og læringsformer

Studentane skal møte varierte arbeidsformer. Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i basisgrupper og individuelt arbeid. I lærerutdanninga spelar dessutan praksisperiodene ei viktig rolle, og samarbeid med praksisskolane opnar for verdifull fagleg og didaktisk refleksjon knytt til både kunnskapsmål, ferdigheitsmål og generell kompetanse i norskfaget. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal også gå inn som ein sentral del av norskstudiet. IKT blir brukt som eit reiskap for læring, rettleiing, samarbeid og dokumentasjon. Norskfaget samarbeider dessutan med høyskolebiblioteket om emne som litteratursøk, referanseteknikk og akademisk skriving.

Arbeidsomfang

Forventet studieinnsats i emnet er beregnet til minst 20 timer pr uke inkludert undervisning.

Praksis

Studentane har to veker praksis. Sjå praksisplanen for studiet. Erfaringar frå praksis vil bli brukt i arbeidet med norskfaget.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

Studentane får i løpet av semesteret fire oppgåver av fagleg og didaktisk karakter knytt til tema som det blir arbeidd med. Arbeida skal lagrast digitalt i ei arbeidsmappe. Tilbakemelding på desse arbeida vil dels vere frå faglærarar og dels frå andre studentar, og nokre av arbeida skal dessutan vurderast av studenten sjølv, f.eks. i form av refleksjonslogg. Begge målformer skal vere representert i mappa, kvar med om lag halvparten av tekstmengda. For å få framstille seg til eksamen må studentane få godkjent tre av dei fire mappeoppgåvene av faglærer innan fastsette frister.

Meir detaljert beskriving av innhaldet i mappa vil bli gitt ved undervisningsstart.

Eksamen

Munnleg, individuell eksamen

Den munnlege eksaminasjonen er normalt todelt. Først presenterer studenten ei sjølvvald tekst frå den godkjente innleveringsmappa. Presentasjonen skal vere mest mogleg reflekterande rundt eigen arbeidsprosess, og ikkje bare vere eit referat av innhaldet i fagteksta. Presentasjonen skal normalt ta 3-5 minutt. Deretter følgjer ein eksaminasjonsdel på omlag 30 minutt, der sensorane og studenten har ei fagleg samtale med utgangspunkt i eitt eller fleire av tema i mappearbeida eller pensumlitteraturen. I vurderinga vil både det faglige innhaldet og dei munnlege ferdigheitene bli vurdert.

Det blir nytta bokstavkarakter A-F, der A er beste og E dårlegaste beståtte karakter. Karakteren F betyr ikkje bestått. Vurderinga blir gjort av ein intern og ein ekstern sensor.

Evaluering av emnet

Fagansvarleg har ansvar for at det blir gjennomført emneevaluering (EVA3).

Litteratur

Litteraturlisten er sist oppdatert 13.12.2013.

Bøker/hefter:

Engen, L. og Helgevold, L.: Leselos. Veiledningshefte, Lesesenteret i Stavanger, side 1-81

Helgevold, L.: Bok i bruk på femte til sjuende trinn, Lesesenteret i Stavanger (kan lastes ned)

Håland, Anne og Rutt Trøite Lorentzen (2007): «Skriving og læring» i Dialogar om tekst. Praktisk arbeid med elevtekstar i norskfaget, s. 4-64 Oslo: Universitetsforlaget

Klinkenberg, J.E. (2005): Å bedre barns leseflyt. Oslo: Aschehoug

Lyster, S.-A.H. (2012): Elever med lese- og skrivevansker. Hva vet vi? Hva gjør vi?, Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Otnes, Hildegunn og Bente Aamotsbakken (2012): Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie, Oslo: Det Norske Samlaget

Papazian, Eric og Bottolv Helleland (2005): Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon, Kristiansand: Høyskoleforlaget

Roe, Astrid (2011): Lesedidaktikk – etter den første leseopplæringen, Oslo: Universitetsforlaget NY

Skjelbred, Dagrun (2010): Fra Fadervår til Facebook: skolens lese- og skriveopplæring i et historisk perspektiv, Bergen: Fagbokforlaget

I kompendium:

Alver, Vigdis og E Selj (2008): «Å lese fagtekster på andrespråket» i E. Selj og E Ryen (red.): Med språklige minoriteter i klasserommet. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag

Ansaldo, Kristina (2012): «Språk och ämnesundervisning i det flerspråkiga klassrummet» i Arntzen, Due og Hjelde: Flerspråklig oppvekst. Høgskolen i Østfold

Hertzberg, Frøydis og Olga Dyste (2012): «Prosesskriving – hvor står vi i dag?» i Matre, Synnøve m.fl. Teorier om tekst i møte med skolens lese- og skrivepraksiser, Oslo: Universitetsforlaget

Jansson, Benthe (2013): «Tale og skrift» i Traavik, H. & Jansson, B. (red.): Norsk boka. Norsk for

grunnskolelærerutdanning 1-7. Oslo: Universitetsforlaget

Mæhlum, Brit (2008): «Språk og identitet» i Mæhlum m.fl. (red.): Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik, Oslo: Cappelen akademisk forlag

Skjong, Synnøve (2011): «Toskriftskompetanse på barnetrinnet. Nynorsk for elever med bokmål som opplæringsskriftspråk», i Jansson, Benthe K. og Skjong, Synnøve (red.): Norsk=nynorsk og bokmål. Oslo: Samlaget

Solheim, Randi, Ann Sylvi Larsen og Anne Charlotte Torvatn (2010): "Skrivekulturar på mellomtrinnet – tre dømme". I Smidt, Jon (red.): Skrivning i alle fag – innsyn og utspill. Trondheim: Tapir akademiske forlag

Stifoss-Hanssen, Astrid (2010): «Multimodal tekstskapning» i Tønnessen og Volla: Begynneropplæring i en sammensatt tekstkultur. Kristiansand: Høgskoleforlaget

I Fronter under Fagstoff:

Jansson, B. (u.p.): «Lesing og skrivning på nynorsk og bokmål» i Traavik, H. & Jansson, B. (red.): Norsk boka 2. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7

Jansson, B. (u.p.): «Grannespråkundervisning» i Traavik, H. & Jansson, B. (red.): Norsk boka 2. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7